



Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 OSLO

ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Dykkar ref.:

Vår ref.:

08/278-3/K1-040, K3-&13/JOP

Direkte innval:

56527000

Stad/Dato:

02.05.2008

Uttale til høyring om forvaltningsreforma

Ulvik Formannskap har gått gjennom Høyringsframlegg til Forvaltningsreforma - Forslag til nye oppgåver til det folkevalde regionale nivået og vil med dette koma med følgjande uttale etter samrøystes-vedtak i møte 30.04.2008 :

1. Ulvik herad er skuffa over at all den positive energien i samband med Regionreformarbeidet no ser ut til å forvitra til eit framlegg med minimal reell maktoverføring frå staten til det nye regionale nivået.
 2. Ulvik herad tilrår at Regjering og Storting står fram med leiarskap og etablerer 7 nye folkevalde regionale nivå i Noreg. Ulvik herad ønskjer at det vert etablert ein sterk Vestlandsregion. Ein forsterka fylkesmodell vil ikkje vera ein framtidig sterk nok regional utviklingsaktør i eit regionalisert Europa.
 3. Ulvik herad har ingen merknader til dei overførte oppgåvene i Høyringsnotatet, men synes dette gir liten reell maktoverføring til det nye folkevalde regionale nivået.
 4. Ulvik herad tilrår Regjering og Storting å overføra følgjande oppgåver til det nye folkevalde regionale nivået:
 - Styringa over Innovasjon Noreg på regionalt nivå.
 - Alle utviklingsoppgåver og –midlar hos Fylkesmanns avdelingar, der Fylkesmannen sit att med alt tilsyns- og kontrollansvar på vegne av Staten.
 - Statens Vegvesen sine Regionvegkontor
 - Styringa av regionale Høgskular og Universitet.
 - Bestillaransvaret i Spesialisthelsetenesta, Rusomsorg og Barnevern
 - Statlege tilskotsordningar og styring av kulturtilbod og kulturinstitusjonar.
 - Vurdera å overføra regionkontora til NAV og til NVE.
- Ulvik herad føreset at staten også overfører investerings- og driftsmidlar til desse regionale oppgåvene.

Med helsing

Jon Oppedal
rådmann



E-post
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon
56527000

Fax
56527001

Bankkontonr.
3450 19 70001

Organisasjonsnr.
971 159 928